



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Opplæringstilbudet 2019-2020

Viser til sak om opplæringstilbudet 2019/2020 som hovudutval for opplæring handsamar 27. mars 2019.

Fylkesdirektøren tilrår å ikkje starta opp studiespesialiserande vg2 ved Høyanger vidaregåande skule fordi det er 19 søkjarar til gruppa. Det manglar altså 1 - ein elev for å oppfylle kravet frå skulebruksplanen om minimum 20 elevar. Om gruppa ikkje startar vil det føre til at elevane bli spreidde på andre skular midt i skuleløpet. Med ei gruppe mindre og reduserte rammer er det fare å svekke programområde for Høyanger vidaregåande skule, noko som vil få store konsekvensar for denne skulen som er liten frå før.

Prøveinntaket for komande skuleår viser 27 primærsøkjarar på vg1, noko som viser ein positiv trend for studiespesialiserande ved skulen. Vg2 bør oppretthaldast ved Høyanger vidaregåande skule for skuleåret 2019/2020.

Medium og kommunikasjon vg1 ved Sogndal vidaregåande skule har auke i tal søkjarar frå 2018/2019 til 2019/2020. Dette viser ei aukande interesse for studiet. Næringslivet har tidlegare synleggjort kor viktig denne utdanninga er. Medium og kommunikasjon er eitt av få kreative fag og som næringslivet etterspør i eit mediebilde i endring. Kompetansen som utdanningstilbudet gir, blir endå viktigare framover og er ei framtidsretta satsing. Sogndal vidaregåande skule tilbyr vg1 og vg3. Med den positive trenden som vi ser med auka søkjartal bør vg2 oppretthaldast ved Sogndal vidaregåande skule.

Lukke til med handsaminga i utvalet.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift